

Til
Lindås kommune
Meland kommune

01.09.2017

Søknad om kulturmiddlar/prosjektstøtte - "Jazz på strilamål"

Det vert sendt to likelydande versjonar av denne søknaden, éin til Lindås og éin til Meland kommune.

Alversund Mållag og Meland Mållag søker i samarbeid om tilskot frå kulturmidlane til prosjektet "Jazz på strilamål" i Nordgardsløa på Frekhaug fredag 3. november 2017.

Tilstellinga er ein del av 100-årsjubileet for Meland Mållag, og det er siktat mot å styrkja det praktiske og kulturelle samarbeidet mellom mållaga i den nye storkommunen.

Framfor alt ser me denne tilskipinga som eit ledd i arbeidet med å utvikla samarbeid med andre kulturaktørar i det frivillige arbeidet i Nordhordland. Alversund Mållag har til dømes lagt vekt på å gjennomføra prosjekt overfor barne- og ungdomssektoren og med det lokale musikklivet, særleg med Alversund kammerkor.

Det prosjektet me no søker støtte til, spring ut av eit musikalsk arbeid som ein medlem av målrørsla har teke opp. Det rettar seg mot eit nytt publikum, eit publikum med interesse for jazz og "Den amerikanske songboka". Det er omplanta til lokalt talemål og siktat mot å fremja den lokale identiteten i ei tonedrakt som er internasjonal. Miljøet rundt Meland Jazzkafé er ein ny samarbeidspartner som gjer det mogeleg å løfta fram språktradisjonen vår for nye målgrupper.

Budsjettet har ei ramme på kr 35 000, som vist nedanfor. Vi søker om eit tilskot på **kr 20 000** fordelt på dei to kommunane. Løyvinga kan eventuelt gjevast som underskotsgaranti.

Søknadssummen til kvar av kommunane vert dermed sett til kr **10 000**.

Som grunnlag for søknaden har me sett opp dette budsjettet:

Utgifter		Inntekter	
Orkesteret, honorar	15 000	Billettinntekter 60 pers à kr 200	12 000
Lyd	8 000	Serveringsinntekter	3 000
Hus, straum,	2 000	Kulturmiddlar/underskotsgaranti	20 000
Annonsering	5 000		
Materiell	5 000		
SUM	35 000	SUM	35 000

Honorar og utgiftsdekning er avtala med Reidar Konglevoll, som òg har gått fagleg god for avtalen om lyd.

Talet på publikum er rekna nøkternt ut frå vanleg frammøte på tilstellinga som Meland Jazzkafé står for.

Opplegget for konserten vil i stor grad følgja opplegget som jazzkafeen nyttar når det gjeld servering, vakthald m.m., og rettar seg etter dei husreglane som gjeld for Nordgardsløa.

Dei to arrangørlagene er solidarisk ansvarlege for økonomien i prosjektet.

For Alversund Mållag og Meland Mållag

Inger-Helen Midtgård
leiar, Alversund Mållag
Adresse: Leknesvegen 213
5915 Hjelmås

Haakon Aase
leiar, Meland Mållag
Adresse: Littlebergen 29
5918 Frekhaug